

Fra: Larsgard, Jon [Jon.Larsgard@jondal.kommune.no]
Sendt: 22. desember 2014 13:43
Til: Postmottak LMD
Kopi: Postmottak Jondal
Emne: Høyring – Forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikta

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Fullført

Til
Landbruks- og matdepartementet,

Vedlagt følger sak til høyringsuttale om forslaget til oppheving av konsesjonslova og buplikta frå Jondal kommune.

Vedtaket er som følger:

KS-065/14 VEDTAK:

Jondal kommune går i mot forslag om å om å oppheva Konsesjonslova og buplikta fordi:

- Landbruk er svært viktig for busetjing og sysselsetjing i Jondal kommune.*
- Forslag om å fjerna buplikta vil føra til at færre som eig landbrukseigedomar i Jondal kommune, kjem til å bu i kommunen. Det vil svekka landbruksmiljøet og gje mindre lokalt eigarskap og mindre skatteinntekt i kommunen.*
- Fjerning av Konsesjonslova vil føra til priskonkurranse på landbrukseigedomar som er vanskeleg å vinna for dei som vil driva gardsbruk.*

Mvh
Jon Larsgard
ordfører Jondal kommune
Tlf: 53669502/92843671



SAKSGANG			
Utval	Møtedato	Saksnr. i utval	
Kommunestyret	17.12.2014	065/14	
Saksbeh:	Saka blir avgjort av:	Arkiv:	Arkivsaknr.
Svein Torger Guntveit	Kommunestyret	N-641.2	14/555

Høyring – Forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikta.

Dokument i saka:

Dok.nr.	T	Dok.dato	Namn	Tittel
1	I	15.10.2014	Det kgl landbruks- og matdepartement	Høyring – Forslag om å oppheva konsesjonslova og buplikta.
2	I	27.11.2014	Hordaland Bondelag	Oppheving av konsesjonslova

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

- Konsesjonslova av 2003.
- Landbruks- og matdepartementet: *Høyringsnotat av 15.10.14 – Oppheving av konsesjonslova og buplikt.*

Saksopplysningar:

Landbruks- og matdepartementet føreslår i høyringsnotat av 15.10.14 å oppheva konsesjonslova og buplikta for alle landbrukseigedomar i Norge. Dei vil behalda driveplikta. Hovudgrunngevinga til Regjeringa er å styrka den private eigedomsretten og gjera det enklare å omsetja landbrukseigedom mellom private, meir lik omsetjing av anna eigedom i landet. «Frihet til å bestemme over eigen eigedom». Høyringsfristen er sett til 15.01.2015.

Konsesjonslova vart vedteken i 1909, gjeldande lov vart sist omarbeidd og vedteken i 2003, der grensa for konsesjonsplikt vart heva til 100 da for bebygd eigedom. Lova regulerer og kontrollerer i dag omsetjing av fast eigedom/ areal i landet. Formålet med lova (§1) er *å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet*. Det er kommunane som har vedtaksmyndighet.

Dei viktigaste formuleringane i lova (§9) som støttar opp om dette formålet, er:

- Buplikt i minst 5 år på garden for den som kjøper ein landbrukseigedom/ gardsbruk
- Priskontroll/ godkjenning av kjøpesum ved søknad om konsesjon

- Vurdera om konsesjon gjev ei driftsmessig god løysing
- Vurdera om kjøparen er skikka til å driva landbrukseigedomen

Vurdering:

Ved oppheving av konsesjonslova vil det særskilte lovvernet for jordbruksareal verta borte. Sjølv om Regjeringa meiner dette vert godt nok ivaretake gjennom gjeldande plan- og bygningslov, meiner ein det vert ein lågare terskel for å omregulera jordbruksareal til andre føremål enn matproduksjon.

Buplikta på landbrukseigedomar har vorte rekna for å vera heilt sentral for busetjing på gardsbruka og å oppretthalda folketalet ute i distrikta. Jondal kommune har vore restriktiv med å gje permanent fritak og lang utsetjing til kjøpar med å oppfylla buplikta. Utan buplikta er det lett å sjå for seg fleire gardsbruk utan fast busetnad, utholing av landbruksmiljøet i bygdene og meir leigejord. Med eigarar som bur vekke, vert det mindre skatteinntekter til kommunen.

Jordbrukssjefen meiner og det er uheldig at priskontrollen på landbrukseigedomar vert borte. Denne har vore med å halda landbrukstakstane nede, og ein har i stor grad unngått oppkjøp/ spekulasjon av gardsbruk til andre føremål enn matproduksjon. Det har og gitt høve for interesserte, gjerne yngre folk, som ynskjer å driva gard, råd til å koma inn i næringa. Med fri priskonkurranse er det lett å sjå for seg at landbruksinteressene og eiga jordbruksdrift vert den tapande part.

Utan konsesjonslov vert det slutt med å vurdera om ein oppnår driftsmessig gode løysingar for landbruket ved å gje konsesjon. Om den som kjøper, er i stand til (skikka) til å driva gardsbruk, betyr ingen ting.

Oppsummert, og sjølv med sine manglar, meiner ein at konsesjonslova er viktig for landbruket og busetjing på bygdene, spesielt for ein utkant som Jondal kommune. Lova er eit vern om matproduksjonen, lokalt eigarskap til gardsbruka og har gjeve driftsmessig gode løysingar. Den har hindra gardsbruk i å verta speulasjonsobjekt for kapitalsterke kjøparar.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANN:

Jondal kommune går i mot forslag om å om å oppheva Konsesjonslova og buplikta fordi:

- *Landbruk er svært viktig for busetjing og sysselsetjing i Jondal kommune.*
- *Forslag om å fjerna buplikta vil føra til at færre som eig landbrukseigedomar i Jondal kommune, kjem til å bu i kommunen. Det vil svekka landbruksmiljøet og gje mindre lokalt eigarskap og mindre skatteinntekt i kommunen.*
- *Fjerning av Konsesjonslova vil føra til priskonkurranse på landbrukseigedomar som er vanskeleg å vinna for dei som vil driva gardsbruk.*

Siv Helle Prestegard
rådmann

17.12.2014 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteke med 14 røyster, 2 røysta mot (2 H).

KS-065/14 VEDTAK:

Jondal kommune går i mot forslag om å om å oppheva Konesjonslova og buplikta fordi:

- Landbruk er svært viktig for busetjing og sysselsetjing i Jondal kommune.*
- Forslag om å fjerna buplikta vil føra til at færre som eig landbrukseigedomar i Jondal kommune, kjem til å bu i kommunen. Det vil svekka landbruksmiljøet og gje mindre lokalt eigarskap og mindre skatteinntekt i kommunen.*
- Fjerning av Konesjonslova vil føra til priskonkurranse på landbrukseigedomar som er vanskeleg å vinna for dei som vil driva gardsbruk.*